



Notat

Dato: 14.04.2016
Arkivsak: 2014/558-191
Saksbehandlar: ingtakl

Til:	Eigedomsavdelinga
Frå:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Odda vgs - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

I møte 11.04.2016 fekk rådet ein kort orientering om snart føreståande ombygging av Odda vgs. På grunn av problem med utsending av e-post, hadde rådsmedlemmene ikkje fått teikningane på førehand, og rådet fann det difor vanskeleg å gje uttale etter denne korte orienteringa. Alle har no fått teikningane på e-post, og har gått gjennom dei.

Utifrå det ein har blitt presentert og det ein har sett, så ser det ut som at rørslehemma er godt ivaretatt med ny heis i rett storleik, dører med el-opnar, god tilgang til toalett, grei tilkomst frå parkering. Rådet kan ikkje uttala seg om andre høve angående universell utforming då ein ikkje har opplysningar om t.d. lys, fargeval, eventuelle ledeliner, men reknar med at rådet blir involvert i dette ved eit seinare høve.

Ein ting er å få alle inn, men alle skal og ut att i ein krisesituasjon, og rådet kan ikkje finna ein einaste utvendig rømmingsveg frå dei øvre etasjane. Kva har ein tenkt her?

Kjell Håland
leiar